

Fra: horda@krets.no
Sendt: 29.04.2016 12:28:13
Til: Marianne Ose Askvik
Kopi:

Emne: Fw: [DFS Support] Oppdatering: Re: Krrav om medlemslister som vedlegg til søknad om fylkeskommunale midlar til ungdomsarbeid
Vedlegg:

Hei!

Eg sender i dag søknad om driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar med søknadsfrist 1. mai.

Det er i år ein del vilkår som har skapt usikkerhet med omsyn til om det er trong for dispensasjon. Etter det eg har forstått, skulle vår organisasjon oppfylle dei krav som er sett til søkjar. Om ikkje, ber eg om å bli orientert om kva som må gjerast.

Det frivillige Skyttervesen som er vår moderorganisasjonen, vart oppretta av Stortinget i 1892 med verknad frå 1. juli 1893. Det frivillige Skyttervesen (DFS) er ikkje tilslutta Norges idrettsforbund, men er ein frittstående organisasjon som har følgjande formålparagraf: "Det frivillige Skyttervesens mål er å fremme praktisk skyteferdighet innen det norske folk. for derved å dyktiggjøre det for landets forsvar". Under sak 4 på Skyttartinget i 2014 vart ny formålparagraf vedteken. Den lyder slik: "Det frivillige Skyttervesens formål er å fremme god våpenkultur og praktiske skyteferdigheter, samt sikre tilgang til en desentralisert skytebanestruktur, til nytte for Forsvaret og samfunnet for øvrig". Som alle andre endringar i DFS sine grunnreglar, må også denne godkjennast at Forsvarsdept./Stortinget. Så langt er denne endringa ikkje behandla i Stortinget.

Eg har sendt utskrift av Skyttarboka 2014-2015 med tillegg for 2015 der mellom anna nedre aldersgrense for kven som har røysterett og dermed er valgbar for tillitsverv i organisasjonen, vart endra frå 16 til 15 år. Desse utskriftene er sendt som brevpost, saman med årsmelding og rekneskap for 2015 og budsjett for 2016. Du vil finna vedtekter for DFS sentralt (Grunnreglane) samt standardlover for samlag og skyttarlag. Landsdelskrinsane har ikkje eigne standardlover, men under kap. 17.100 - 17.140 vil du finna instruks for ungdomsarbeidet i DFS. Årsmelding for 2015 mv. for DFS sentralt, vert først handsama på Skyttartinget primo august. Det er difor ikkje råd for meg å senda dette no, og i august vil det vel vera i seinaste laget. Eg kan heller ikkje sjå at dette skulle ha nokon relevans for vår søknad.

Når det gjeld medlemstal, byggjer eg på dei opplysningar som er framkome frå sentralt hald, sjå linken nedanfor. Totalt er det her gjevne opplysning om at 1453 medlemmer 25 år og yngre har betalt minst kr. 50,- i årskontingent. Skyttarkontoret har tilgang til medlemslistene for alle skyttarlag i landet, og alle skyttarar har eit eige unikt medlemsnummer. I tillegg til betalende medlemmer registrerer DFS "aktive" skyttarar, dvs. skyttarar som har skote og fått bokført minst 30 skot i året. Ikkje alle 30-skot skyttarar er betalende medlemmer i skyttarlaga. Det kan vera ungdom som deltek på td. Skytingens Dag, det kan vera skuleungdom som har skytig som valfag, og/eller dei er deltakarar i skulane sin landskonkurranse i geværskyting. I tillegg kjem ein del unge jegerar som tek skyteprøven på laget sin bane. Desse vert og rekna som medlemmer i laga, sjølv om dei ikkje betalar medlemskontingent.

Eg har tolka reglane slik at teljande medlemmer som gjev grunnlag for driftsstønad er dei som pr. 31.12.2015 enno ikkje hadde fylt 26 år og som hadde betalt kontingent. Totalt antal medlemmer i Hordakretsen ungdomsutvalet (søklarorganisasjonen) er alle medlemmer 25 år og yngre, inkl. 30-skot skyttarar, uavhengig av om medlemskontingent er betalt eller ikkje. Dersom ein reknar alle medlemmer/skyttarar i Hordakretsen uavhengig av alder, har kretsen totalt 12.349 medlemmer. Uansett har Ungdomsutvalet i Hordakretsen eit eige styre, pkt 17.120 i tilsendt utskrift av organisasjonen sine vedtekter.

Skulle det elles være noko som er av interesse å få avklara, når du meg på mob. 480 03 630 evtl. på e-post horda@krets.no

mvh
Hordakretsen

Eianr Vorland
leiar

-----Original Melding-----

Fra: "DFS Support" <support@dfs.no>

Kopi: "Hardanger og Voss skyttarsamlag" <hardanger-voss@samlag.no>, Horda <horda@krets.no>, hordaland <hordaland@samlag.no>

Dato: 18/04/2016 10:07

Emne: [DFS Support] Oppdatering: Re: Krrav om medlemslister som vedlegg til søknad om fylkeskommunale midlar til ungdomsarbeid

Vennligst ikke skriv under denne linjen

Du er registrert som en kopi-mottaker (CC) på denne henvendelsen. Du vil få e-post på all oppdatering knyttet til saken.

Svar på denne meldingen for legge til kommentarer til saken.

Tor Ove Kristensen (DFS Support)

18. apr., 10.07

Hei

Da har jeg laget et uttrekk. Her er det kun med medlemmer som har betalt 50 kr eller mer i 2015 og som er under fylte 26 år pr 31/12-2015. Listen inneholder medlemmer som faller inn under kriteriene i søket, en som er født i 2014, 2015 og 2016. Mistenker at det muligens er feil fødselsdatoer på enkelte.

mvh
Tor Ove Kristensen

Vedlegg
[alle_betalande_u26_2015_hordakretsen.xlsx](#)

Tor Ove Kristensen (DFS Support)

15. apr., 14.23

Jeg skal prøve å lage en filtrert liste slik jeg har antydnet, men rekker det dessverre ikke i dag, da jeg straks skal reise bort for helgen. Jeg tar dette på mandag.

mvh

Tor Ove Kristensen

Horda

15. apr., 12.11

Hei!

Det ville vært flott om dette kunne ordnes sentralt slik Ole Bennæs forslår. Jeg prøvde meg på en rapport om kontingnetinnbetaling for 2015 (01.01.2015 – 31.12.2015 for eget lag og fikk opp alle de aktuelle medlemmen, men uten adresse. Ellers gjelder vel dette alle som er født i 1990 eller senere ...

mvh

Einar Vorland

-----Original Melding-----

Fra: "DFS Support" <support@dfs.no>

Kopi: "Hardanger og Voss skyttarsamlag" <hardanger-voss@samlag.no>, Horda <horda@krets.no>, hordaland <hordaland@samlag.no>

Dato: 15/04/2016 11:11

Emne: [DFS Support] Oppdatering: Re: Krrav om medlemslister som vedlegg til søknad om fylkeskommunale midlar til ungdomsarbeid

sunnhordland

15. apr., 11.30

Hei igjen.

Nå skjønnte jeg hva du egentlig sa i eposten.

Fantastisk dersom du kan filtrere ut lagene i Hordakretsen.

Jeg får frem en excel rapport på alle i et skytterlag, men når jeg prøver å sortere får jeg melding om at "sammenslåtte celler må ha samme størrelse"

Og da dette jo jeg av :-)

Mvh

Ole

-----Original Melding-----

Fra: "DFS Support" <support@dfs.no>

Til: sunnhordland <sunnhordland@samlag.no>

Dato: 15/04/2016 08:29

Emne: [DFS Support-id [#15590](#)]- Oppdatering i saken: Re: Krrav om medlemslister som vedlegg til søknad om fylkeskommunale midlar til ungdomsarbeid

sunnhordland

15.. apr., 11.11

Takk for svar.

Excel er ok.

Vi snakker vel om alle som i 2015 var 25 år eller yngre. Altså født i 1991 eller senere.

Den listen du har lagt ved ser fin ut.

Det er snakk om "betalende medlemmer".. Om de har betalt på dette tidspunktet er trolig ikke avgjørende, men min 50 er det jeg har hørt tidligere.

Kan jeg gå i VK skytterlag (for sunnhordland)og lage en liste tilsvarende den du har lagt ved uten noe veldig styr?

Mvh

ole

-----Original Melding-----

Fra: "DFS Support" <support@dfs.no>

Til: sunnhordland <sunnhordland@samlag.no>

Dato: 15/04/2016 08:29

Emne: [DFS Support-id [#15590](#)]- Oppdatering i saken: Re: Krrav om medlemslister som vedlegg til søknad om fylkeskommunale midlar til ungdomsarbeid

Tor Ove Kristensen (DFS Support)

15. apr., 08..29

Hei, foreløpig har vi ikke noen eksakt liste som kan lage medlemsliste pr krets med de opplysninger dere ber om. Det jeg kan anbefale foreløpig er denne løsningen som vi tidligere har beskrevet å våre supportsider, men den gjelder pr skytterlag. <http://support.dfs.no/hc/no/articles/208459508-Lage-medlemsliste-p%C3%A5-excel>

Det som dere ikke sier noe om i spørsmålet er for hvilket år dette skal gjelde (hvilket år skal medlemmene ha betalt) og hvilken sum man skal anse som betalt, er det 1 krone eller mer? I tillegg står det at listene skal være underskrevne, kan de da ikke være i excel?

Det jeg kan få ut pr i dag er en liste på alle landets medlemmer under 26 år som har betalt 50 kr eller mer, men der har jeg kun hvilket skytterlag de er medlem i. Jeg kan prøve å filtrere ut skytterlagene i de tre samlagene om denne er tilstrekkelig. Jeg har lagt ved eksempel på hva denne filen inneholder.

mvh
Tor Ove Kristensen

Vedlegg
[medlemmer_under25_bet50ellermer2016.xls](#)

sunnhordland

14.. apr., 14.27

Hei Tor Arne og takk for praten.

Behovet er slik:
Hordakretsen må saman med sin søknad om fylkeskommunale midlar frå Hordaland Fylkeskommune legge ved komplett medlemsliste over alle betalande medlemmer 25 år eller yngre. Lista må inkludere namn OG ADRESSE.

Rapportgeneratoren på VK skytterlag genererer liste over ungdomsskyttarane, men uten adresse. Kan dette løysast og kan det eventuelt løysast på samlagsnivå slik at vi slepp å bry laga og ikkje minst at vi slepp å vente på det/dei laga som alltid er trege?

Eller dersom det må løysast på lagsnivå; kan du sende oss ein instruks som vi kan vidarende til laga slik at all rapportering blir einsarta.

Takk for hjelpa.

Mvh
Sunnhordland skyttarsamlag
Ole Bennæs

-----Original Melding-----

> Fra: horda@krets.no

> Til: "Bjarne Sollesnes" <hardanger-voss@samlag.no>, hordaland <hordaland@samlag.no>, sunnhordland@samlag.no

> Dato: 14/04/2016 09:16

> Emne: Krrav om medlemslister som vedlegg til søknad om fylkeskommunale midlar til ungdomsarbeid

>

> Hei!

>

> Hordaland fylkeskommune har laga nye retningsliner for søknad om driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar. Det er no eit fast krav at lister over betalande medlemmer 25 år og yngre skal følgja søknaden. Listene skal innehalda namn, bustadadresse, fødselsår. Listene må fyllast ut av

kvart skyttarlag og sendast enten som vedlegg til e-post til horda@krets.no eller på papir til Hordakretsen v/Einar Vorland, Andalsvegen 28, 5443 Bømlo. Listene må være underteikna i hende seinast 25. dm.

>

> Det er viktig at dette vert gjort kjent i lokallaga snarast. Manglande lister får direkte innverknad på moglege tilskot frå fylket.

>

> mvh

> Hordakretsen

> Einar Vorland

Denne e-posten er en tjeneste fra DFS Support. Leveres av [Zendesk](#)